



Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Oppnemning av setjefylkesmann for handsaming av klagesak – dispensasjon for frådelling av ny grunneigedom - Lindås – gnr. 164 bnr. 1 - Sletten Seim.

Vi viser til brev frå Lindås kommune datert 22.05.2019. Saka gjeld vedtak om dispensasjon frå LNF-formålet i arealdelen av kommuneplanen for ovanforne mnde tiltak.

Plan- og miljøutvalet gav i møte den 13.02.2019, sak 018/2019, dispensasjon frå LNF-føremålet og løyve til oppretting av ny grunneigedom med eksisterande bustad på gnr. 164 bnr. 1.

Vedtaket vart klaga på av Fylkesmannen i Vestland i brev datert 18.03.2019.

Klagen vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møte den 15.05.2019, der Plan- og miljøutvalet sitt vedtak fatta i møte den 13.02.2019 vart oppretthaldt og klagen ikkje tatt til følgje.

Fylkesmannen kan ikkje sjå at det er kome fram nye opplysningar i saka som gjev grunnlag for å trekke klagen vår.

Med tilvising til Miljøverndepartementet sitt rundskriv T-6/96 ber vi om at departementet oppnemner setjefylkesmann for handsaming av denne saka.

Fylkesmannen i Vestland sender saksdokumenta direkte til setjefylkesmannen etter oppnemning jf. [nye rutiner ved forsendelse av settefylkesmannsaker etter plan og bygningsloven](#)

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Lindås kommune	Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ
Rune Seim	Krokjen 8	5912	SEIM